

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 14/6431-1

Møteplan for kontrollutvalet 2015

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

- Møteplan for kontrollutvalet 2014:

Tysdag	10. februar
Onsdag	25. mars
Tysdag	19. mai
Tysdag	30. juni
Tysdag	25. august
Tysdag	29. september
Tysdag	3. november
Tysdag	24. november

Vedlegg:

- Møte- og aktivitetsplan 2015 for kontrollutvalet
- Saksprotokoll FU-sak 108/14, Møteplan 2015

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Møteplan for møta i kontrollutvalet vert sett opp etter å ha teke omsyn til møte i andre politiske fora i fylkeskommunen, og då spesielt fylkestinget sine møte. Møteplan 2015 for fylkesting, fylkesutval og finansutval i tillegg til politikardagar vart vedteke av fylkesutvalet 24.09.2014 i FU-sak 108/14.

Det er utarbeidd ein møte- og aktivitetsplan for kontrollutvalet, som er vedlagt denne saka. Møte- og aktivitetsplanen inneheld andre aktivitetar som utvalet sine medlemmar vanlegvis deltek i, men i denne saka er det møteplanen for kontrollutvalsmøta som skal handsamast.

2. Møtedagar og tal møte i utvalet

Erfaring frå tidlegare år viser at tysdag er beste møtedagen. Ein unngår i stor grad dagar med møte i kommunale politiske organ i tillegg til dagar med møte i fylkeskommunen si leiargruppe. Tysdag er derfor den mest nytta dagen i forslaget til møteplan.

Medlemmane har hatt møteplanen til «høyring» før den vart lagt fram for handsaming i møte 21. oktober.

Det er fastlagt fire politikardagar i 2015. Det er i stor grad lagt opp til å gjennomføre kontrollutvalsmøte dagen etter politikardagane, då det har vore vanleg praksis at medlemmane i kontrollutvalet har delege på politikardagane.

Det er for 2015 sett opp 8 møte i kontrollutvalet, slik det har vore vanleg dei siste åra.

3. Opplæringsplanen

Opplæringsplanen som vart utarbeidd i lag med kontrollutvalssekretariata i Møre og Romsdal, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar, og vore gjennomført som planlagt i perioden 2012 - 2014. Det vart i fellesmøte mai 2014 sett fram ynskje om vurdering av eit fellesmøte også i 2015. Sekretariata i dei fire fylkeskommunane vil ikkje, etter å ha vurdert tid- og ressursbruk ved å arrangere fellesmøte opp mot at det er siste året før nyval, rå til å gjennomføre slikt møte i 2015.

4. Konklusjon

Kontrollsjef håper at medlemmane i utvalet, med opplegget som er skissert i denne saka, vil få eit godt grunnlag til å ta det ansvaret og gjennomføre dei kontrolloppgåvene som høyrer inn under vervet som medlem i kontrollutvalet for Sogn og Fjordane fylkeskommune.